

Brattvåg Vassverk SA

Årsmelding for 2025

Styret, administrasjon og drift:

Styret hadde året 2025 slik samansetting:

Styreleiar:	x	Eldar Sæterøy
Nestleiar:	x	Roger Sønderland
Styremedlemmar:		Cathrine Flem Lervåg
		Elin Bjerke
	x	Stig Fjørtoft
	x	Lars Angel Sønderland
		Hilde Ellingsæter
Varamedlemmar:	x	Dag Davik
	x	Ole-Petter Aarsund
	x	Vivian Maridal
Valnemnd 2025:	x	Solveig Bostad (Leiar)
	x	Trond Arve Skjelten
	x	Helene Austbø

(X = Står på valg):

Dagleg leiar:	Nils Kristen Skaar
Beredskapsvakter:	Terje Otterlei
	Harald Johansen
	Einar Rogne

Rekneskap: Sparebank 1 Rekneskapshuset SMN AS
Revisjon: BDO

Generelt

Forutan årsmøtet, har det i 2025 vore 5 styremøte der 31 saker har vore handsama.

Vassverket har levert vatn til 1019 husvære, 50 kjellar/loftshusvære, 29 andelshavarar som betalar gebyr etter areal og 6 som betalar etter vassmålar. I tillegg er det levert 513 720 m³ vatn til Haram kommune gjennom målar på Alvestad. Haram kommune har avtale om levering av vatn til andre private vassverk og Ålesund kommune, (tidlegare Sandøy kommune) Totalt produserer Brattvåg Vassverk drikkevatt til ca. 6500 personar.

Vassverket har gjennom året totalt produsert 1 246 350 m³ vatn av god kvalitet. Inntektene har vore kr. 6 614 160.
Driftskostnader kr. 6 284 458.

Drifta i 2025 har vore stabil og tilfredsstillande, med jamn og sikker vassbehandling og distribusjon av drikkevatt.

Driftsteknisk samarbeid

Det driftstekniske samarbeidet mellom Haram kommune og Brattvåg Vassverk er aktivt og stadig under utvikling. Ein har arbeid med å forenkle og formalisere felles prosedyrar for innmelding og endringar på sanitæranlegg, særleg for å oppfylle krava i NS-EN 1717 om sikring mot tilbakeslag av forureina væske til drikkevassleidningar.

Det delte driftovervakingssystemet, basert på felles sky-drift, har fungert godt. Innsynet er avgrensa til distribusjonsdelen av vassforsyninga, noko som bidreg til et betre og meir oversiktleg situasjonsbildet for alle partar når endringar eller avvik oppstår.

Beredskap og tilsyn

Det vart halde ei felles beredskapsøving mellom Haram kommune og Brattvåg Vassverk 09.10.25. Tema for øvinga var naudforsyning, og øvingsobjektet var den nedlagde sjukeheimen i Brattvåg. Øvinga hadde særleg fokus på testing av tilgjengeleg utstyr og justering av planverket for handtering av slike hendingar.

Mattilsynet gjennomført tilsyn den 06.11.25. Tilsynet omfatta mellom anna:

- Krav til rutiner, farekartlegging, beredskapsplaner og øvelser.
- Råvasskvalitet og vassbehandling.
- Leveringssikkerheit og alternativ drikkevassforsyning.
- Vern av drikkevasskjelder i regulerings- og arealplaner.

Det vart ikkje påpeikt avvik etter tilsynet eller gjennomgått dokumentasjon. Det er god dialog med Mattilsynet, årleg rapportering er utført og prøvetakningsplanen for vassprøver er oppdatert.

Digital tryggleik

NSM (Nasjonal Sikkerhets Myndighet) har presisert at verksemdar som leverer samfunnsviktige tenester er varslings og registreringspliktig. Digitaliseringsloven tredde i kraft 01.10.25. Og for vassverk som produserer over 2000 m³ pr/d skal desse

være registrert i NSM-register.

Det er etablert faste rutiner og tidsfrister for varsling ved uønskt påverknad av våre digitale driftssystem.

Dersom underleverandører vert råka, så gjelder same varslingsplikt.

Mattilsynet er tilsynsmyndigheit for dette området for Brattvåg Vassverk, og varslingprosedyre er innført i beredskapsplanen.

Informasjon og omvisningar

Fleire mindre grupper frå HVS har fått omvising på anlegget. Temaet har vore automasjon i praksis, og kunnskap om vassbehandling generelt. Brattvåg Vassverk arbeider for å sikre trygt, godt og tilstrekkeleg vatn til alle.

Hestevatnet og nedslagsfeltet for drikkevatn

Omlagde turstiar rundt Hestevatnet er tatt i bruk, og ein forventer at opptrakka nedlagde stier som får mindre belastning, gradvis vil gro igjen.

Behandlingsanlegg

Tekniske servicer er utført i samsvar med plan. Det er starta førebuande arbeid med plan for oppgradering og utskifting av komponentar som nærmar seg forventa levetid

Høgdebasseng

Det gamle runde bassenget har fått litt oppdatering dette året også, men det står igjen noko arbeid knytt til sikring og trygg tilkomst.

Leidningsnett

Det har vore eit leidningsbrot i 2025 (Øvrehjellen)

Det er også oppdaga 3 lekkasjer som er utbetra.

Det er lagt 190 meter ny hovedleidning og etablert brannkum i forbindelse med nye klubbhuset til idrettslaget.

Nye vass-/avløp-/overvass-leidningar gjennom Fylkesveg Håvikmyrane vart utført saman med kommunen og Fylket. Prosjektet er omtalt i prosjekt og investeringsplanen. Der er eternit framleis i drift gjennom fylkesvegen i dag.

Drift

Nils Kristen Skaar har stått for den daglege drifta, og har saman med Terje Otterlei, Harald Johansen og Einar Rogne delt på natt-/helgevakter. Alle har vore involvert i arbeid med reparasjonar og vedlikehald.

Miljø

Det har ikkje vore arbeidsulykker i 2025.

Vassverket forureinar ikkje det ytre miljø.

Vaktordning

Vakttelefon:

PRI 1: 91 51 22 24

PRI 2: 91 39 78 36


Natt-helgevakt:

Nils Kristen Skaar
Terje Otterlei
Einar Rogne
Harald Johansen

Økonomi.

Rekneskapen er avlagt ut frå føresetnaden om fortsatt drift.


I styret for Brattvåg Vassverk SA
den 09.03.2026


.....
Eldar Sæterøy
Styreleiar


.....
Roger Sønnerland
Nestleiar



.....
Cathrine Flem Lervåg


.....
Elin Bjerke


.....
Hilde Ellingsæter


.....
for Lars Angel Sønnerland


.....
Stig Fjørtoft


.....
Nils Kristen Skaar
Dagleg leiar